

# MØTEBOK

## HALLINGTINGET

**TID:** 4.mai 2007  
**STAD:** Gol, Gol kommunehus



**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune Halvard Lilleslett, Hol kommune Maria Søndrål Wick, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune Bjørn Tore Moger, Hemsedal kommune Ingrid Jordheim Brenna, Hemsedal kommune Håvard Venås
Torleif Dalseide, Ål kommune Ivar Brevik, Ål kommune Sverre Mostue, Ål kommune	Audun Aasheim, Nes kommune Eva Gullingsrud, Nes kommune Ingunn Fagermoen, Nes kommune Björg Lystad, Nes kommune Ludvig Munkejord, Nes kommune
Jan Halvard Brekko, Gol kommune Aud Ingunn Narum, Gol kommune Arne Stavn, Gol kommune Mildrid Nesheim, Gol kommune	Hans Bekken, Flå kommune Ole Johnny Stavn, Flå kommune Karsten Ekeren, Flå kommune Gunnar Johansen, Flå kommune

**Av rådmennene møtte:** Lars Ole Skogen, Hol kommune, Trond Kleppen, Ål kommune, Lornts Letnes, Gol kommune, Gabriel Johannessen, Hemsedal kommune, Fred Arne Kramer, Nes kommune, Odd Egil Stavn, Flå kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

---

### SAK 01-07 REKNESKAP 2006

#### Vedtak

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2006 med revisoruttale. Underskot på kr. kr. 16.223,70 blir dekket frå disposisjonsfond.

### SAK 02-07 ÅRSMELDING 2007

#### Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2006.

### SAK 03-07 UTTALE STORTINGSMELDING NR. 12. "REGIONALE FORTRINN – REGIONAL FRAMTID" OG REGIONINDELING AV NORGE ETTER 2010

Innstilling frå Regionrådet omhandla både oppgåvefordeling og regioninndeling. Med bakgrunn i drøfting var det semje om at uttale no skulle gå på regioninndeling.

#### Innstilling

1. Hallingtinget vil prioritere ein forsterka fylkesmodell med ei regioninndeling som i hovudsak tilsvarer dagens fylkesinndeling.

2. Alternativt ynskjer Hallingtinget ei vurdering i forhold til Vestregionen, som i dag er den regionale samarbeidskonstellasjonen med 13 kommunar vest for Oslo.

Store delar av Buskerud inklusive Bærum og Asker ville kunne definerast som ein forsterka fylkesmodell. Dette er vil kunne vera ein modell som er framtidsretta og positiv for både Hallingdal og Buskerud.

3. Ein modell med t.d. Buskerud, Vestfold og Telemark blir sett på som uaktuell både ut frå identitet og funksjonalitet.  
Det same ville det vera med t.d. ein "Region Sør" som dagens vegregion. Geografisk blir dette ein region frå Flekkefjord til Hemsedal. Ein samanslutning som ikkje har noko identitetsmessig fellesskap og som blir vurdert som heilt uaktuell.

#### Framlegg frå Jan Halvard Brekko

1. Innstilling nr.166 (2006-2007) frå kommunal- og forvaltningskomiteen om Regionale fortrinn - regional framtid går for lite langt.  
Hallingtinget kan ikkje gå inn for ein forsterka fylkesmodell som i hovudsak svarar til dagens fylkesinndeling, men har som basis tre forvaltningsnivå.
2. Hallingtinget går inn for ein modell med færre, større og sterkare regionar enn dagens fylkeskommunar.  
Til desse regionane må det overflyttast oppgåver av langt større omfang enn det som er skissert i innstillinga.
3. Hallingtinget vurderar Vestregionen med store delar av Buskerud som det mest aktuelle alternativet.

#### Avstemming

Innstilling fekk 16 røyster

Framlegg frå Jan Halvard Brekko fekk 5 røyster

#### **Vedtak**

1. Hallingtinget vil prioritere ein forsterka fylkesmodell med ei regioninndeling som i hovudsak tilsvarer dagens fylkesinndeling.
2. Alternativt ynskjer Hallingtinget ei vurdering i forhold til Vestregionen, som i dag er den regionale samarbeidskonstellasjonen med 13 kommunar vest for Oslo.  
Store delar av Buskerud inklusive Bærum og Asker ville kunne definerast som ein forsterka fylkesmodell. Dette er vil kunne vera ein modell som er framtidsretta og positiv for både Hallingdal og Buskerud.
3. Ein modell med t.d. Buskerud, Vestfold og Telemark blir sett på som uaktuell både ut frå identitet og funksjonalitet.  
Det same ville det vera med t.d. ein "Region Sør" som dagens vegregion. Geografisk blir dette ein region frå Flekkefjord til Hemsedal. Ein samanslutning som ikkje har noko identitetsmessig fellesskap og som blir vurdert som heilt uaktuell.

#### **SAK 04-07 NY PLANMODELL FOR UTVIKLING AV FJELLTURISME**

Med bakgrunn i prosjektet Innovativ Fjellturisme hadde Bård Jervan, Mimir AS og Erik Plathe, Asplan Viak AS orientering og innleiing til drøfting om:

- Begrep i heilskapleg reisemålsutvikling  
Kvifor seier me kalde og varme senger, eige/leige-konsept og masterplanar?
- Ny planmodell for utvikling av fjellturisme  
Erfaringar frå forsøk med nye grep og ein ABC-modell i den lokale planlegginga.
- Partnarskap som verktøy for heilskapleg reisemålsutvikling  
Kanadiarane brukar forpliktande partnarskapsregime for å nå felles mål, kan me gjera det same på t.d. Geilo?

Presentasjonar er lagt ved møtebok.

#### **SAK 05-07 ORIENTERING OM PÅGÅANDE ARBEID I REGIONRÅDET**

Dagleg leiar Knut Arne Gurigard orienterte om pågåande arbeid i Regionrådet.

Leiar for prosjektet "Trafikktryggleik Hallingdal" ordførar Jan Halvard Brekko orienterte om dette prosjektet.

Presentasjonar er lagt ved møtebok.

Ål 6.5.2006

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar